



Førde kommune



Nynorsk kultursentrum

Nynorske scener – arrangørsamling

Onsdag 12. og torsdag 13. september 2018

Åmot gard i Bygstad og Førdehuset i Førde

Førde bibliotek, Rom for ord og Nynorsk kultursentrum inviterer til arrangørsamling med to dagar til nytte og glede for kulturhus, bibliotek, festivalar, sogespel, forlag, Den kulturelle skulesekken og andre kulturarrangørar om formidling og bruk av nynorsk.

Det finst om lag 200 nynorskbrukande kulturinstitusjonar over heile landet. Korleis klarar vi å heve desse røystene i samtalar, opplesingar, konsertar, og andre arrangement saman med etablerte forfattarar og knyte litteraturen til andre kunstatar? Det nynorske kulturfeltet spenner frå skjønnlitteratur og sakprosa til song, biletkunst og teater. Med denne arrangørsamlinga vil vi gjennom utveksling av kunnskap og erfaringar gjere det lettare å skape, marknadsføre og gjennomføre endå betre kulturarrangement på nynorsk. I år handlar det mest om litteratur – sakprosa så vel som skjønnlitteratur.

Med tre språk- og litteraturmuseum og tre festivalar er *Nynorsk kultursentrum* den største nynorske arrangøren. Institusjonen tok i 2013 initiativet til ei første samling under tittelen Nynorske scener og følgde opp med ei ny i 2015. Dei siste åra har *Førde kommune* satsa mykje på Nynorskbyen, og *Førde bibliotek* har utvikla arenaen *Rom for ord* og prosjektet «Leseløft for nynorsklitteraturen. No er tida inne for eit utvida samarbeid for å bygge nettverk og dialog mellom forlag, forfattarar og arrangørar om ny, nynorsk litteratur.

Program Dette ligg ved med atterhald om endringar. Alle oppførte innleiarar er stadfesta. Oppdatert program er å finne på på Romforord.no og Aasentunet.no.

Seminarpakke kr 1990 Prisen inkluderer alle programpostar og utstilling, småmat, to lunsjar og middag. Påmelde får tilsendt bakgrunnsstoff ei veke før samlinga.

Påmelding seinast 1. september Send påmelding til jb@forde.kommune.no.

Overnatting Thon Hotel Førde eller Åmot gard. Der er nokre overnattingsplassar på Åmot gard som kan tingast ved påmelding. Alle påmelde får informasjon om avtaleprisar.

Reserverte flysete Vi har reservert 12 plassar på fly Gardermoen–Bringeland onsdag 11.50–12.50, og 12 plassar Bringeland–Gardermoen torsdag 13.10–14.10. Sei frå ved påmelding om du ønskjer å nytte dette tilbudet.

Velkomen til god litteratur, gagns arbeid og kjekt samvær!

Førde og Ørsta, 4. juli 2018

Førde bibliotek

Jorun Systad (s)
biblioteksjef

Rom for ord

Johan Bengtsson
prosjektleder

Nynorsk kultursentrum

Ottar Grepstad (s)
direktør



Førde kommune



Nynorsk kultursentrum

Nynorske scener – arrangørsamling

Onsdag 12. og torsdag 13. september 2018

Program per 3. juli 2018

Onsdag 12. september

Åmot gard, Bygstad

12.30 Lunsj og registrering

13.30 **Velkomst** v/biblioteksjef Jorun Systad, Førde bibliotek
Presentasjon

BOLK 1

13.45 **To gode naboar tett i tett – fordelar og utfordringar**
Dagleg leiar Kristin Helle Valle, Litteraturhuset i Bergen
Biblioteksjef Leikny Haga Indergaard, Bergen off. bibliotek

14.15 **Å vere nasjonal aktør utanfor storbyane**
Dagleg leiar Gaute Øvereng, Ivar Aasen-tunet

14.30 **Oppsummerande samtale** for bolk 1

14.45 Pause

BOLK 2

15.00 **Bjørnsonfestivalen som regional aktør**
Festivalleiar Johild Kosberg Bredin i samtale med Janne Karin Støylen, Rom for ord

15.20 **Nynorskprofil for lokale kulturhus**
Representantar for Stord kulturhus og Falturiltu

15.40 **Snarvegar til kunnskap om nynorsk litteratur**
Redaktør Per Magnus Finnanger Sandsmark, Allkunne

16.00 **Oppsummerande samtale** bolk 2

16.15 Pause med litt mat

Litterær hagefest

Programleiar: Janne Karin Støylen, Rom for ord

Ope for alle (viss plass)

17.00 **Mottaking** med aperitiff i tunet

18.00 **Vinje, vår mann** i operalåven
Lars Amund Vaage (kåseri, piano), Aasmund Kaldestad (song) og Kyrre Eikaas
Ottesen (tekstar av Vinje), i samarbeid med Sogn og Fjordane Teater

19.30 **Grillbuffet** og hagefest i tunet
Eldrid Lunden, Sivert Nikolai Nesbø, Arnfinn Kolerud og andre forfattarar les i
stovene og i låven utover kvelden

22.00 **Dessertbord** og kaffi avec i låven

23.00 Slutt



Førde kommune



Nynorsk kultursentrum

Torsdag 13. september

Førdehuset, Førde

09.00 Morgonkaffi

09.15 **Sakprosa på programmet**

Direktør Ottar Grepstad, Nynorsk kultursentrum

09.40 **Ta Førdehuset i bruk v/kulturleiar Johan Bengtsson, Førde kommune**

Den nynorske bokhausten

Fleire forlag presenterer utvalde utgjevingar på eigne stands rundt om i huset
Avtalebørs

10.50 **Nynorsk i Bokåret 2019**

Innleiar frå Nasjonalbiblioteket

Samtale for handfast oppfølging

11.20 **Slutthelsing** frå arrangørane

11.30 **Enkel lunsj**, ståande buffet

12.30 **ARKA**: Omvising i Inger Lise Belsviks jubileumsutstilling

12.00 Flybuss frå Førdehuset til flyplassen

Med atterhald om endringar

Oppdatert program

www.romforord.no

www.aasentunet.no

Finansiering

Nasjonalbiblioteket

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Førde kommune

Nynorsk kultursentrum